



Til soknekontora,
dei kyrkjelege fellesrådskontora,
prostkontora og bispedømmekontora

Registrering av dåp og tilhøyrande barn når Den norske kyrkja ikkje lenger får opplysningar om familierelasjonar frå Folkeregisteret

Kyrkjerådet har tidlegare skrive rundskriv om at det blir endringar i tilgangar til folkeregisteropplysningar for medlemsregisteret til Den norske kyrkja. Dette skjer frå og med 1. oktober 2018, jf. rundskriv 2-2018. Denne endringa får konsekvensar for rutinane knytte til gjennomføring og registrering av dåp. Kvart kyrkjekontor må ta større ansvar for dokumentasjon av kven som er foreldre til eit dåpsbarn og må også sjølv hente inn fødselsnummer til foreldre. Kyrkjekontora må også manuelt registrere tilhøyrande barn dersom foreldre har ønske om dette.

Fortsatt plikt til å registrere namn og fødselsnummer til foreldre av dåpsbarn

Kyrkjemøtet behandla i april i år sak KM 09/18 *Endring av forskrift om Den norske kirkes medlemsregister*. Komiteen blei gjort merksam på den komande endringa i kva slags opplysningar medlemsregisteret vil få frå Folkeregisteret, men dei ønskte ikkje å gjere endringar i forskrifta sine krav til registrering av dåp. Det er difor framleis etter forskrifta krav om å registrere namn og fødselsnummer til foreldre av dåpsbarn, jf. forskrift om Den norske kirkes medlemsregister § 6 andre ledd.

Fødselsnummer til dåpsforeldre må innhentast og kontrollerast særskilt

Når det no ikkje lenger blir mogeleg å hente namn og fødselsnummer til foreldre til dei døypte frå Folkeregisteret, må kyrkjekontora sjølv hente inn desse opplysningane. Tidlegare fekk kyrkjekontora tilsendt melding om fødsel på papir. Ein kunne nytte desse som dokumentasjon inntil fødselsattest låg føre. Ved registrering av dåp i medlemsregisteret blei namn og fødselsnummer til foreldre registrert automatisk ut frå opplysningar i Folkeregisteret. Det var ikkje noko felt i medlemsregisteret der ein manuelt kunne registrere desse opplysningane. Etter 1. oktober vil det ikkje lenger vere tilstrekkeleg informasjon til registrering på fødselsattesten åleine. Fødselsnummer til foreldre må innsamlast særskilt. Det er også naudsynt at ein sjekkar med oppslag mot medlemsregisteret at oppgitt fødselsnummer til ein forelder gir same namn som namnet på barnets fødselsattest. Dette for å sikre at ingen dåp blir registrert med feil person som forelder.

Registrering av dåp i program frå andre leverandørar

Mange kyrkjekontor nyttar programma LabOra Menighet eller Kardinal til registrering av dåp. I desse programma er det allereie felt for å registrere foreldra til den som blir døypt. Brukarane av desse programma vil truleg ikkje merke noka større endring. Det er likevel viktig å vere klar over at dei registrerte foreldra i desse programma no vil bli overført til medlemsregisteret. Tidlegare blei informasjon om dåpsforeldra ved overføring frå desse systema henta frå Folkeregisteret på same vis som ved registrering rett i medlemsregisteret.

Manuell registrering av barn tilhøyrande Den norske kyrkja


Med endringane i tilgangar til opplysningar frå Folkeregisteret vil det ikkje lenger automatisk bli registrert nye tilhøyrande barn. Det er viktig å vere merksam på at kyrkjelova ikkje er endra med tanke på kva for barn ein skal halde for tilhøyrande Den norske kyrkja. Den norske kyrkja må difor halde barn av eit medlem av Den norske kyrkja for å vere tilhøyrande dersom foreldra ikkje har bedt om anna, sjølv om barnet ikkje står som tilhøyrande i medlemsregisteret. Dersom foreldra gir beskjed om at dei ønsker sitt barn registrert som tilhøyrande, kan ein nytte korrigeringsfunksjonen i medlemsregisteret til dette. Så lenge det er gjort sannsynleg at minst ein av foreldra er medlem, er det ikkje naudsynt med noko meir dokumentasjon.

Ein mellombels situasjon

Medlemsregisteret til Den norske kyrkja er inne i ein mellombels fase akkurat no. Når innhaldet i den nye trussamfunnslova blir kjent, kan Kyrkjerådet sette i gang ein prosess fram mot meir gagnlege rutinar og føresegner.

Oslo, 28. september 2018

Med venleg helsing


Ingrid Vad Nilsen
Direktør


Ole Inge Bekkelund
Avdelingsdirektør,
avdeling for kyrkjeordning